

Registrering av fugl og pattedyr i samband med konsekvensutgreiing for Folgefonna nasjonalpark



Fylkesmannen i Hordaland
Miljøvernavdelinga

2003

Registrering av fugl og pattedyr
i samband med konsekvensutgreiing for
Folgefonna nasjonalpark

Fylkesmannen i Hordaland
2003

MVA-rapport 13/2003

Foto på framsida (namn på fotograf i parantes):

1) Frå Folgefonna (Anbjørn Høivik), 2) Sandvikedalen (Anniken Friis), 3), Eikemostølen (A. Friis), 4) Furebergsdalen (A. Friis).

Tittel:

Registrering av fugl og pattedyr i samband med konsekvensutgreiing for Folgefonna nasjonalpark

Forfattar:

Olav Overvoll

Dato:

26.05.2003

Tal sider:

15

Rapport nr:

MVA-rapport 13/2003

ISBN: 82-8060-020-5

ISSN: 0804-6387

Samandrag:

Rapporten byggjer på feltregistreringar, gjennomført sommaren 2002. Registreringane er lagt opp som synfaring av utvalde område for å skaffe betre dokumentasjon på artsførekomstar av fugl, og på grunnlag av dette gi ei vurdering av fuglefaunaen innan arbeidsgrensene for nasjonalparken. Pattedyr er berre observerte tilfeldig, og vurdering av pattedyrfaunaen byggjer difor først og fremst på generell kunnskap om pattedyrfaunaen regionalt.

Ti område vart synfarte. Desse områda er omtala kvar for seg, og ei oversikt over observerte artar i dei ulike områda er oppsummerte i Tabell 1.

Fjellområda er artsfattige, og det er lite som tyder på at faunaen på Folgefonnhalvøya skil seg nemneverdig frå liknande fjellområde i regionen. Sjølve breen utgjer ein stor del av arealet, og områda nærast breen er svært vegetasjonsfattige, noko som igjen påverkar dyrelivet. Fjellareala utanfor dei mest brenære områda er òg generelt vegetasjonsfattige. Fleire djupe dalføre skjer seg inn i området og gjer fjellområda utanom sjølve breen nok så usamanhengande.

Karakteristiske fugleartar for fjellområda er fjellrype og snøsporv. I områda ned mot tregrensa er lirype og heipiplerke karakteristiske artar. Det er ikkje registrert alpine vadefuglar som boltit eller fjøreplytt i området, sjølv om området ligg relativt nær Hardangervidda. Fjellområda kring Folgefonna er truleg for karrige for desse artane. Det er heller ikkje registrert marine dykkender i området.

Når det gjeld pattedyr i fjellet er lemen vanleg og det vart observert mykje ekskrement og både døde og levande dyr under synfaringa. Hare førekjem relativt vanleg, og det vart funne ein del ekskrement under synfaringa. Andre pattedyrartar vart ikkje observert, men ein må anta at typiske fjellartar som røyskatt og snømus førekjem. Av større pattedyr streifar raudreven oppom fjellområda og det er òg rapportert om streifdyr av fjellrev og jerv.

Innanfor grensene til den planlagte nasjonalparken finn ein dei ornitologisk mest interessante områda i dei lågareliggande delane. Eventuelle verneinteresser er knytt til ulike skogtypar i litt eldre suksesjonsstadie, som har førekomst av raudlista spetteartar. Dei aktuelle artane, gråspett og kvitryggspett, er imidlertid vanlege over store delar av Vestlandet.

Det planlagte nasjonalparkområdet sin verdi for faunaen av fugl og pattedyr blir vurdert som lokal.

Referanse:

Overvoll, O. 2003. Registrering av fugl og pattedyr i samband med konsekvensutgreiing for Folgefonna nasjonalpark. - Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 13/2003: 1-15.

Emneord:

Folgefonna nasjonalpark, biologi, zoologi, fugl, pattedyr

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvernavingdelinga

Postboks 7310

5020 Bergen

Tlf: 55 57 22 00 Fax:55 57 22 01

www.fylkesmannen.no/hordaland

www.miljostatus.no/hordaland

Innhald

Innhald	5
Innleiing.....	7
Materiale og metode.....	7
Omtale av synfarte område	7
1. Guddalsdalen, Kvinnherad	7
2. Melsdalen, Kvinnherad	8
3. Ænesdalen, Kvinnherad	8
4. Furebergsdalen, Kvinnherad	8
5. Bondhusdalen, Kvinnherad	9
6. Pyttfloene, Kvinnherad	9
7. Fossasete-Rotekotvatn-Kvanndalsvatn, Odda.....	9
8. Sandvedalen, Odda	10
9. Sandvikedalen, Etne	10
10. Eikemo-Eikemostølen, Etne.....	11
Samla vurdering av fugle- og pattedyrfauna	11
Fugleliv.....	11
Pattedyr.....	12
Vurdering av verneverdi	12
Litteratur.....	12

Innleiing

Det finst lite konkret kunnskap om faunaen av fugl og pattedyr på Folgefonnhalvøya. Sjølv om ein ut frå berggrunn, topografi og vegetasjon kan anta at faunaen er relativt triviell, saknar ein konkrete registreringar. Denne rapporten er eit forsøk på å skaffe noko betre dokumentasjon på dette feltet, og gi eit betre grunnlag for å vurdere den framtidige Folgefonna nasjonalpark sin verdi for dyrelivet.

Materiale og metode

Det har ikkje vore noko mål å gjennomføre ei grundig kartlegging av faunaen i området. Registreringane er lagt opp som synfaring av utvalde område for å skaffe betre dokumentasjon på artsforekomstar av fugl, og på grunnlag av dette gi ei vurdering av fuglefaunaen innan arbeidsgrensene for nasjonalparken. Pattedyr er berre observerte tilfeldig, og vurdering av pattedyrfaunaen byggjer difor først og fremst på generell kunnskap om pattedyrfaunaen regionalt. Dei fleste områda som vart valt ut for synfaring ligg nær grensene for det planlagte verneområdet, for eventuelt å dokumentere behov for justering av vernegrensa.

Første feltperiode vart gjennomført 28/5-5/6-2002. Dette er midt i den mest intense sangperioden for dei fleste spurvefuglane, men i seinaste laget når det gjeld meiseartane. På grunn av svært ustabil ver i juni og første halvdel av juli vart ikkje siste del av synfaringa gjennomført før 19-21/7. Så seint på sommaren har fuglane svært liten sangaktivitet og observasjonsmaterialet er difor lite og nokså tilfeldig. Observasjonar frå dei ulike områda er gitt i Tabell 1. Vurdering av områda i ornitologisk samanheng er stort sett gjort på grunnlag av observasjonar av naturtype og kunnskap om kva betydning den aktuelle naturtypen har for ulike fugleartar. Der det vart gjort konkrete observasjonar av fåtalige og omsynskrevjande artar, er dette sjølv-sagt tatt med i vurderinga.

Omtale av synfarte område

1. Guddalsdalen, Kvinnherad

Guddalsdalen vart besøkt 28/5, men på grunn av sterk vind ikkje synfart lenger enn til Lovatnet.

Den følgjande vegetasjonsskildringa er stort sett tatt frå Moe (2000): Grusvegen innover dalføret går gjennom eit kulturlandskap i attgroing. Vegetasjonen er dominert av forholdsvis ung lauvskog med gråor, svartor og hassel og område med beitemark. Den sørvesteksponerte lia har innslag av varmekjære lauvtre som ask og alm, elles er bjørk det dominerande treslaget i øvre del av dalsidene. I og langs dalbotnen dominerer gråor. Frå Lovatnet dominerer bjørkeskog.

Fuglefaunaen må seiast å vere som forventa ut frå vegetasjonsbiletet. Dominerande artar i dei lågareliggande delar av dalføret var lauvsongar, svarttrast, måltrast, raudvengetrast og raudstrupe. Munk var òg relativt vanleg. Ein syngande gulsongar vart observert i gråorskog ved elva. Gulsongaren kan finnast i ulike habitat, men reknast ofte som ein karakterart for ore-skogen. Av vassdragstilknytte artar vart strandsnipe og fossefall observert. Ved Lovatnet kom artar tilknytt høgareliggande område som heipiplerke og ringtrast inn. Ingen spetteartar vart observert, men den sørvesteksponerte lia, som òg har innslag av osp, kan ha potensial som spetteområde. Dette vart ikkje nærmare undersøkt.

2. Melsdalen, Kvinnherad

Området vart besøkt 28/5, først og fremst for å sjå nærmare på furuskogsområdet ved Heimste Kulten, vest og sørvest for Myrdalsvatnet. Skogen er nok relativt gammal, men står i stor grad på nokså låg bonitet. Trea er difor ikkje særleg storvaksne. Dimensjonane er truleg gjennomgåande i minste laget for å fungere som hekkeområde for hønehauk, men utkanten av området lengst mot sørvest, mot området med kulturskog, vart ikkje undersøkt. Skogen inneheld litt gadd og det vart funne spor etter spetteaktivitet, men området er for skrint og inneheld for lite død ved til å kunne reknast som noko viktig spetteområde. Området med furuskog er truleg òg for lite til å vere fast leveområde for storfugl.

Lengre ned i dalføret dominerer gråorskog langs elva og i liene, ellers er det mykje kulturskog i (gran og noko lerk) i den sørausteksponerte lia.

3. Ænesdalen, Kvinnherad

Området vart synfart 4/6. Berre nedre del av dalføret vart synfart, frå lia ovanfor Ænessættet og vel ein kilometer innover på austsida av dalføret og Taklia på vestsida. Lia ovanfor Ænessættet er påverka av flatehogst, men skogbiletet høgare oppe er nokså variert med både ung bjørk, grov furuskog og parti med relativt grov furu og eik. Det er òg innslag av halvgrov og grov osp, og det finst ein del læger og gadd. Dette gjer området til ein aktuell spettebiotop. Det vart ikkje funne ferske spor etter spetteaktivitet, men eit gammalt reirhol vart funne i ei velta tørrosp. Ugelvik m.fl. (1990) nemner at både grønspekk, gråspekk, flaggspekk og kvitryggspett tidlegare er observert i området.

Taklia er eit større, intakt område med relativt gammal furuskog. Lia er nordaustvendt og mindre frodig enn den sørvestvendte lia, og trea når heller ikkje dei same dimensjonane som på motsett side av dalen. Mot skoggrensa går furuskogen over i relativt open bjørkeskog. Det er lite død ved i denne lia. Enkelte spor etter spetteaktivitet på gadd vart funne, men ingen av nyare dato. Av fåtalige artar vart storfugl og raudstjert observert. Storfuglen er ein karakterart for større, samanhengande område med gammal furuskog og Taklia utgjer nok berre ein liten del av eit større leveområde for denne arten. Raudstjerten vart observert i overgangen mellom furuskog og bjørkeskog, i eit område der det òg vart registrert fire syngande individ av svartkvitflugesnappar, noko som kan tyde på ein viss tilgang på hole tre. Dette er nok den mest interessante delen av Taklia ornitologisk sett, men spesielt rikt er området ikkje.

Dalbotnen rundt Ænessættet er dominert av gråorskog som stadvis er kraftig beitepåverka (Moe 2000). Taksering i elvenær skog er ofte vanskeleg på grunn av elvesus, men to syngande gulsongarar vart registrert her. Det er òg område med open, fuktig beitemark ved Ænessættet. Her vart det registrert karakteristiske artar som enkeltbakkasin og buskskvett.

4. Furebergsdalen, Kvinnherad

Området vart synfart 29/5. Nedst i vassdraget er begge sider av elva dominert av ganske storvokst furuskog med innslag av lauvtre, mest bjørk men òg enkelte grove osper. Området aust for elva er sterkt påverka av skogbruksaktivitet, men vest for elva er skogen intakt. Lia ned mot elva er svært bratt. Området vest for elva vart ikkje gått, men det vart observert ein kvitryggspett med mat i nebbet, ein sterk indikasjon på at arten hekkar i området. Dette området kan reknast som ei typisk spettel på grunnlag av ospeinnslaget og tilsynelatande god tilgang på død ved. Ugelvik m.fl. (1990) nemner òg at både kvitryggspett og gråspekk sannsynlegvis hekkar i vassdraget. Restar av den opprinnelege skogen aust for elva, blir nok òg brukt av kvitryggspetten under næringssøk, men er mindre interessant på grunn av skogbruksaktiviteten. Det vart òg observert eit kull av trekrypar, ein art som gjerne er tilknytt litt eldre skog.

God førekomst av svartkvitflugesnappar kan òg gi indikasjon på tilgang på holer tre eller gamle spettehol.

Det er ønskjeleg at furuskogen vest for elva får ligge urørt i framtida. Truleg set det bratte terrenget grenser for økonomisk drift av skogen i området (skogevegen aust for elva har mange stader byrja å rase ut og sett omfattande sår i terrenget).

Lenger opp i dalen blir furuskogen opnare og mindre av vekst. Skogen er likevel gammal og ber preg av lang kontinuitet (Moe 2000). Det vart ikkje gjort spesielle observasjonar i dette området og generelt er dette ein skogtype som er nokså artsfattig, også når det gjeld fugl.

Ved Dyrskardheia går furuskogen over i bjørkeskog, som held fram i eit ganske smalt belte langs austsida av dalføret langs Furebergstræet. Vestsida av dalen er tilnærma skoglaus. Frå Dyrskardheia og forbi Furebergstræet går elva stilleflytande gjennom ein nokså flat, skoglaus dalbotn. Her finst det visuelt tiltalende myrområde som kunne ha vore aktuelle for sivsporv og blåstrupe, men ingen av desse artane vart observert. Det lille som veks av vier i området er svært småvokst. 3-4 par strandsnipe hekkar truleg i området.

5. Bondhusdalen, Kvinnherad

Det vart ikkje planlagt synfaring her, men området vart besøkt etter fullført synfaring i Ænesdalen 4/6. Turen i Bondhusdalen vart svært amputert grunna dårleg ver med regnbyger og kraftig vind, og det vart berre gått langs stien til enden av Bondhusvatnet. Ornitologisk sett er området neppe spesielt. Gråorskog som dominerer både langs elva i dalbotnen og nedre del av dalsidene, er imidlertid kjent for å kunne ha svært høg tettleik av sporvefugl. Artsmessig er imidlertid slike område ikkje spesielt rike. Karakterarten gulsongar vart observert.

6. Pyttafloene, Kvinnherad

Området vart synfart 21/7. Dette er eit fjellområde aust for Nordrepollen og Austrepollen, inst i Maurangsfjorden. Området vart plukka ut for synfaring grunna ei mengd mindre vatn og tjørn, som kunne sjå ut til å ha potensial som hekkeområde for våtmarksfugl. Området viste seg imidlertid å vere svært vegetasjonsfattig, og meir kupert enn det kunne sjå ut til på kartet. Vatna er svært næringsfattige og ligg stort sett i fordjupningar i hard berggrunn, og områda rundt er stort sett dominert av blankskurt fjell. Ingen spesielle observasjonar vart gjort i dette området. Det vart observert nokre få heippiplerker og funne ekskrement av rype (truleg fjellrype).

7. Fossasete-Rotekotvatn-Kvanndalsvatn, Odda

Området vart synfart 3/6. Fossasete ligg på kanten til ein hengande dal til Oddadalføret, vest for Sandvinvatnet. Ovanfor Fossasetevatnet deler dalen seg, slik at eit dalføre går mot nordvest til Liasete og botnen ved Rotekotvatn og det andre mot sørvest til Kvamsdalsvatn. Lia frå Strond ved Sandvinvatnet er dominert av bjørk, med rikare innslag som hassel og ask. Det finst og ein del osp, noko som gjer lia til ein aktuell spettebiotop, med grønspekk og gråspekk som dei mest aktuelle. Opp mot kanten mot Fossasete er det innslag av furu.

Den sørvestvendte lia mellom setrane Fossasete og Liasete er dominert av blåbærbjørkeskog. Trea er ikkje spesielt gamle (det har truleg vore bort imot skoglaust her i tida med meir intens seterdrift), men byrjar å få litt dimensjonar. Mange tre er knekte eller skadde av snø eller ras og det finst difor ein del død ved i området. Dette er truleg årsaka til at det vart observert kvitryggspett med hekkeåtferd her. Eit par oppførte seg svært nervøst i observatøren sitt nærvær,

men reirhol vart ikkje funne. At hannen hadde mat i nebbet styrkar mistanken om hekking i nærleiken. Ein kuriositet i dette området var ein syngande bøksongar. Den opne bjørkeskogen er eit typisk habitat for denne arten, men han er ikkje vanleg på Vestlandet.

Bjørkeskogen fortset innover til dalen sluttar brått innanfor Rotekotvatnet. Her vart det observert ein syngande raudstjert.

Dalbotnen dominert av myr, med spreidd bjørkeskog. Ein syngande sivsporv vart observert ved Rotekotvatnet. På Tvorehaugen vart det òg observert ei firfisle.

Ved Espehaug er eit område med fin bjørkeskog med ein del død ved, skogen har størst dimensjonar i lia mot aust og søraust mot Fossasete og Kvirvelivatnet. Her vart to syngande svartkvitflugesnappar høyrte og dessutan ein raudstjert. I dette området vart det òg funne gamle spettehol, truleg av kvitryggspett.

Dalføret stig bratt opp mot Kvanndalsvatn. I den søraustvendte lia langs vatnet finn ein spreidd fjellbjørkeskog, mens lia på motsatt side er tilnærma skoglaus. Det vart ikkje gjort spesielle observasjonar i dette området.

8. Sandvedalen, Odda

Området vart synfart 5/6. Dalføret ligg vest for Hildal i Oddadalen. Sjølve Sandvedalen ligg omlag 600 moh, men er ikkje ein typisk hengande dal. I forhold til Oddadalføret er Sandvedalen skjult bak ein høg, furukledd åsrygg.

Frå Lauvås til Midtstølsvatnet er skogbiletet dominert av bjørk og furu. Skogen er nokså glissen. Nokre av furutrea har svært høg alder, mellom 250 og 350 år (Moe 2000), men bjørkeskogen er relativt ung. Dominerande fugleart nest etter lauvsongar var trepiplerke. Av fåtalige fugleartar vart ein raudstjert observert.

Rundt Midtstølsvatnet dominerer småvokst bjørkekratt. Her vart to syngande sivsporv observert. Den sør- og søraustvendte lia mot vatnet har meir storvokst open bjørkeskog. Her vart det m.a. observert svartkvitflugesnappar. Vidare opp mot Vierdal går vegetasjonen over til kratt av fjellbjørkeskog.

Ved innløpet til Vierdalsvatnet er det ei svært velutforma elveslette, dominert av myr med spreidde vier- og bjørkekratt. Ornitologisk er nok området artsfattig. Av typiske våtmarksartar vart strandsnipe og sivsporv notert. Det vart òg observert tre blåstruper i vierkratt i deltaet.

Lia nord for Vidfoss, mot Hildal er svært bratt og dominert av furuskog. Stadvis, på mindre bratte stader, når furuskogen store dimensjonar og det er òg innslag av nokså grov osp. Ei nedfallen utløe vitnar om at det i tidlegare tider har vore drift i området, men dette er nok svært lenge sidan. Også i dette området vart det observert svartkvitflugesnappar og raudstjert og dessutan ein varslande kvitryggspett. Det vart ikkje funne reirhol under denne synfaringa, men hekking av kvitryggspett i dette området er stadfesta tidlegare (Rune Voie pers. medd.). Området må kunne karakteriserast som ein klassisk hekkelokalitet for denne arten.

9. Sandvikedalen, Etne

Området vart synfart 19/7. Dalføret går mot nord frå Mosnes ved Åkrafjorden. Nedst i dalen er det lite skog, og skogen veks stort sett langs elva. Bjørk og gråor dominerer. Nokre parti har litt frodigare oreskog. Frå Lundedalen blir dalføret opnare og vegetasjonen meir frodig. Rasvifta like ovanfor Lundedal har relativt ung gråorskog. Etter kvart får ein innslag av halv-gammal bjørkeskog, stadvis av storbregnetype med smørtelg og skogburkne. Det er òg innslag av osp, ask, alm, rogn og selje. Synfaringa vart gjennomført seint på sommaren og det var svært liten aktivitet på fuglefronten. Det vart ikkje observert fåtalige eller sjeldne artar, og ut frå vegetasjonssamansetjinga kan det heller ikkje forventast. Den mest frodige bjørkesko-

gen, med innslag av osp kan ha potensial når det gjeld spettar, men det vart ikkje observert teikn til spetteaktivitet under synfaringa.

Innanfor Sandvikevatnet er ligg ei elveslette på relativt grovt substrat. Sletta er dekt av gråreskog, men skogen er truleg relativt ung. Karakteristisk nok vart gulsongar observert her.

Lenger oppe i dalen er det noko gammal furuskog. Trea er ikkje særleg storvaksne, men det ser ut til å vere ein del gadd. Området har eit visst potensial som næringsøksområde for kvitryggspett, men arealet er truleg for lite for nokon fast førekomst av denne arten.

Eit meir sannsynleg område for kvitryggspett finn ein i den sørvendte lia i Hjortedalen. Her er furuskogen litt meir storvokst og har godt innslag av osp. Det ser òg ut til å vere ein god del gadd i dette området. Lia vart ikkje nærmare undersøkt, men det vart funne merke etter spetteaktivitet på gadd ved stien inn mot Hjortedalen.

10. Eikemo-Eikemostølen, Etne

Området vart synfart 20/7. Dalføret ligg berre eit par km vest for Sandvikedalen, men både landskap og vegetasjon har ein heilt annan karakter. Landformene er langt mindre dramatiske og furuskog dekkjer det meste av arealet, men blir erstatta av bjørk mot skoggrensa.

Ved Vetrhus (Eikemostølen) er det framleis geitedrift. Bjørkeskogen rundt er open og prega av beite. Skogen er nok ikkje særleg gammal (40-50 år) og dimensjonane ber preg av nærleik til fjellet. Delar av skogen minner og kvitryggspettområdet ved Fossasete i Odda. Det ser ut til å vere noko mindre død ved her, men det vart funne merke etter spetteaktivitet på gadd.

Omlag ein km nordvest for Vetrhus ligg det eit visuelt svært tiltalende myrområde. Myra er nesten skoglaus med ei rekkje pyttar og tjørn. Det vart ikkje gjort spesielle observasjonar av fugl her.

Rundt Eikemo dekkjer furuskog store areal. Ein god del av skogen står på relativt låg bonitet og trea er jamnt over ikkje særleg store. Stadvis er det brukbart innslag av osp og andre lauvtre, særleg i lia aust for vegen mellom Eikemo og Vetrhus. Dette er truleg ein god spettebiotop. Det vart ikkje observert spettar under synfaringa, men funne hakkemerke på gadd. Både gråspett og kvitryggspett er observert i området tidlegare (Rune Voie pers. medd.).

Furuskogsområdet har både alder og utstrekning til å vere storfuglterreng, sjølv om området nok er for lite til at bestanden kan bli særleg stor. Det er dessutan eit godt stykke til neste aktuelle storfuglområde. Storfugl vart ikkje observert under synfaringa, heller ikkje av Gjerde (1987), men blir av og til sett av dei fastbuande. Hønehauk er òg ein aktuell art for området, men vart ikkje observert under synfaringa.

Samla vurdering av fugle- og pattedyrfauna

Fugleliv

Fjellområda er stort sett artsfattige, og det er ingenting som tilseier at fjellområda på Folgefonnhalvøya skulle ha ein annan fuglefauna enn den som er typisk for liknande fjellområde i regionen. Sjølve breen utgjer ein stor del av arealet, og områda nærmast breen er svært vegetasjonsfattige. Fjellareala utanfor dei mest brenære områda er òg generelt svært vegetasjonsfattige, og dessutan oppstykkka av djupe dalføre slik at arealet blir lite samanhengande.

Karakteristiske artar for fjellområda er fjellrype og snøsporv, som begge førekjem på Folgefonnhalvøya. Snøsporv vart ikkje observert under synfaringa, men er ikkje uvanleg i dei høgarliggende områda (Jostein Førde pers. medd.). I områda ned mot tregrensa er lirype og heipiplerke karakteristiske artar.

Det er ikkje registrert hekking av alpine vadefuglar som boltit eller fjøreplytt i området, sjølv om området ligg relativt nært Hardangervidda, og ein av den grunn kanskje kunne vente ein viss lekkasje. Fjellområda kring Folgefonna er truleg for karrige for desse artane. Området nord for Bergstødølen kan kanskje vere eit aktuelt område, men er ikkje nærmare undersøkt.

Det er heller ikkje registrert hekking av marine dykkender på Folgefonnhalvøya. Ugelvik m.fl. (1990) registrerte ei svartand i Prestevatnet i Hattebergvassdraget og peikar på at dette kan vere eit potensielt hekkeområde for arten. Marine dykkender er fåtalige hekkefuglar i vårt fylke, og først og fremst knytte til førekomst av skjoldkreps og marflo i vatn på Hardangervidda.

Det vart ikkje observert rovfuglar under synfaringa, men ein kjenner til at kongeørn og fjellvåk hekkar innanfor området, truleg hekkar også tårnfalk og dvergfalk. At det ikkje vart observert fjellvåk under synfaringa er påfallande, tatt i betraktning at det framleis såg ut til å vere ein del smågnagarar i området.

Størst interesse i ornitologisk samanheng har områda med eldre skog og tilgang på død ved. Først og fremst furu- og blandingskogskogsområde på høge bonitetar, men òg fjellnære, relativt opne bjørkeskogar. Sjølv om desse ikkje nødvendigvis har særleg høg alder, ser det ut til at tilgangen på død ved stadvis er god. Edellauvskog og gråorskog over ein viss alder er òg viktige. Desse områda er ofte svært produktive, noko som òg gjenspeglar seg i fuglefaunaen, iallefall når det gjeld tettleik. Gammal skog og tilgang på død ved er i første rekke interessant i forhold til spettar. Av særleg forvaltingsmessig interesse er raudlisteartane gråspett, kvitryggspett og dvergspett. Spettane har òg betydning for såkalla sekundære holrugarar som svartkvitflugesnappar, raudstjert og meiseartar. Gamle spettehol kan lette tilgangen på reirplassar for desse artane, men dei er ikkje avhengige av det.

Pattedyr

Også når det gjeld pattedyr, må ein anta at Folgefonnhalvøya har ein fauna som er normal for regionen og det knyter seg ikkje særskilde verneinteresser til området. I fjellet er lemen vanleg og det vart observert mykje ekskrement og både døde og levande dyr under synfaringa. Hare førekjem relativt vanleg, og det vart funne ein del ekskrement under synfaringa. Andre pattedyrartar vart ikkje observert, men ein må anta at typiske fjellartar som røyskatt og snømus førekjem. Av større pattedyr streifar nok raudreven oppom fjellområda og det er òg rapportert om streifdyr av fjellrev og jerv.

Når det gjeld hjortevilt, finst det ein liten rein-”stamme” på dei nordlege delane av Folgefonnhalvøya. Dyra stammar frå utsetjing av tamrein og flokken tel idag truleg i underkant av 50 dyr. Elles er hjorten er vanleg i skogområda rundt heile Folgefonnhalvøya. Grensetraktene mellom Odda og Etne har òg ein liten elgbestand. Rådyr skal førekomme som streifdyr, truleg frå ein fast bestand i Etne.

Vurdering av verneverdi

Fjellfaunaen innan planområdet ser ut til å vere heilt ordinær. I utkanten av området finn ein førekomstar av raudlista spetteartar (gråspett, kvitryggspett og truleg dvergspett) knytte til eldre skog. Både gråspett og kvitryggspett er imidlertid ganske vanlege på Vestlandet, og det finst svært mange område med tilsvarende artsinventar i regionen. Det planlagte nasjonalparkområdet sin verdi for faunaen av fugl og pattedyr blir difor vurdert som lokal, sjølv om enkelte område har element av regional verdi.

Litteratur

- Gjerde, I. 1987. Verneverdig barskog i midtre og indre del av Hordaland. Ornitologisk rapport. – Rapport, Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga.
- Moe, B. 2000. Botanisk registrering i forbindelse med konsekvensutredning av Folgefonna nasjonalpark. – Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2/2000. 25 s + vedlegg.
- Ugelvik, M., Barlaup, B. og Håland, A. 1990. Verneplan IV: Ornitologisk vurdering av 11 vassdrag i Hordaland. – Zool. Mus., Univ. i Bergen, Rapp. Terrestrisk Økologi nr. 53.


Tabell 1. Observerte krypdyr, fugl og pattedyr i dei synfarte områda rundt Folgefonna.

1) Guddalsdalen, 2) Melsdalen, 3) Ænesdalen, 4) Furebergsdalen, 5) Bondhusdalen, 6) Pyttafloene, 7) Fossasete-Rotekotvatn-Kvanndalsvatn, 8) Sandvedalen, 9) Sandvikedalen, 10) Eikemo-Eikemostølen

ART/OMRÅDE	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
KRYPDYR										
Firfisle							x			
FUGLAR										
Lirype								x		
Fjellrype						x				
Orrfugl							x			
Storfugl			x							
Enkeltbekkasin			x							
Rugde								x		
Strandsnipe	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Ringdue	x				x					
Gauk	x	x	x	x			x	x		
Kvitryggspett				x			x	x		
Taksvale							x			
Trepiplerke			x	x			x	x		x
Heipiplerke	x		x		x	x	x	x	x	
Linerle	x	x	x		x	x	x	x	x	x
Fossekall	x	x		x	x		x	x	x	x
Gjerdsmett	x	x	x	x	x			x	x	x
Jernspurv	x		x				x	x		
Raudstrupe	x	x	x	x	x		x	x	x	
Blåstrupe								x		
Raudstjert			x				x			
Buskskvett			x				x	x		
Steinskvett						x		x		
Ringtrast	x							x	x	
Svarttrast	x	x	x	x	x		x	x	x	x
Gråtrast	x	x	x		x			x	x	x
Måltrast	x	x	x	x			x			
Raudvengetrast	x	x	x	x			x	x	x	x
Gulsongar	x		x		x			x	x	
Munk	x	x	x	x	x			x	x	
Bøksongar							x			
Gransongar				x						
Lauvsongar	x	x	x	x	x		x	x	x	x
Fuglekonge	x									
Gråflugesnappar		x	x				x	x		x
Svartkvitflugesnappar		x	x	x			x	x		
Stjertmeis									x	
Lauvmeis		x							x	
Granmeis			x	x				x	x	x
Toppmeis			x							

Tabell 1. forts.

ART/OMRÅDE	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Svartmeis	x									
Blåmeis	x									
Kjøtmeis	x		x	x	x			x		
Spettmeis								x		
Trekrypar				x						
Skjor					x					
Kråke	x	x	x							
Ravn	x		x			x	x	x		x
Bokfink	x	x	x	x	x		x	x	x	
Bjørkefink			x	x			x	x		
Grønfinnk	x									
Grønsisik	x	x	x	x	x		x	x	x	x
Bergirisk						x		x		x
Brun-/gråsisik	x	x	x	x			x	x	x	x
Gråsisik				x						
Sivsporv							x	x		
PATTEDYR										
Raudrev			x							
Hjort			x							
Elg								x		
Hare			x							
Ekorn								x		
Lemen							x	x		



Kart 1. Oversiktskart over Folgefonnhalvøya med arbeidsgrense for verneplanen for Folgefonna nasjonalpark (tjukk raud strek). Områda synfarte i faunasamanheng er utheva og nummererte i samsvar med Tabell 1.

ISBN 82-8060-020-5
ISSN 0804-6387